



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713

Månedsbrev for mai 2009.

Årgang 44



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Johan Ole Brandal  
Visepres: Oddvar Haugen  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Åge Nytun  
Styremedlem: Magnar Hatløy  
Styremedlem: Vigdis Riise  
Ansv.red.: Jostein Strand  
Referent: Ingar Bigset

## Fødselsdagar i mai

Hallkjell Dahle 06. mai  
Johan Ole Brandal 23. mai  
Hans Otto Riise 27. mai

Frammøteprosent i mai: 56,6 %

---

---

## DIKT OM VÅREN

*Jeg gikk meg ut i skogen  
en vårdag i april  
og på en liten stubbe  
tok jeg meg en hvil.  
Der satt jeg musestille  
og hørte våren spille.  
Det klukka mellom stein og strå  
og tusen bekker små.  
Og lerka sang så lett og glad  
høyt oppe i det blå*

---

## Møte mandag 4. mai – Utvekslingsstudenten Jan Einar Hovden

President Johan Ole ønskte alle velkommen og vi starta med ein song.

Etter eit kastratforsøk på ”Rett som ørnen stiger” runda vi tilbake med ”Vi vandrar med freidig mot”.

Johs. Informerte om rotarystien og den forestående dugnaden 11.mai.

Sparebanken Møre har gitt ekstra sponsormidlar for utplassering av bord og benkar. Mykje av dette er no på plass.

Hareid Elveeigarlag har leigd inn folk som har rydda godt langs eit stykke av elva.

Meir sand har blitt transportert til stien og ventar på å bli utkjørt til dei partia som treng det mest.

**Jan Einar Hovden** var utvekslingsstudent til Brasil i 1995. Han var da klar for ingeniør- utdanning i Ålesund, men Elias Sellevoll og Sverre Bjåstad med velmeinande argument forandra desse tankane og det har Jan Einar ikkje angra på i ettertid.

Etter klargjering med pass, visum og eit ”gunstig lån frå sine foreldre reiste han over i lag med 5 andre frå Norge.

Brasil var eit fjernt land i 1995 og det vart eit spennande og lærerikt år.

Jan Einar fortalte levande frå dette året om alt frå mottakinga i Sao Paulo, familiane, språkbarrieren, skuletida, rundreisene og ikkje minst frå hans oppleving blant folka og deira kultur.

Denne verdifulle ballasten gjorde at Jan Einar i ettertid har hatt mykje av sitt arbeid i Brasil i oppdrag for Rolls-Royce der bl.a. språket har kome godt med.

Eit opplevingsrikt og underhaldande foredrag .

Bilde viser Jan Einar flankert med presidentane Johan Ole/2009 og Håvard/1995



---

## Måndag 11. Mai – Dugnad ved rotarystien.

I ein frisk vårveld møtte eit knippe gode rotryvner utrusta med sakser og sager.

Skråningane nedom stien vart rydda frå to retningar og det viste godt att i terrenget. Like før timen var omme kom ei regnbye som gjorde det enkelt å oppsøke Trygve som hadde gjort den gode gjerninga med å ta med kaffi som han serverte.

## **Måndag 18. Mai – Besøk på Hareid nye barneskule.**

Rektor Odd Arne Vikebakk tok imot oss og informerte godt om bygningane og dei arkitektske tankane bak. Eit langt og godt arbeid er snart avslutta. Det er ein flott barneskule Hareid no har fått. Det aller meste av det bygningsmessige var no på plass. Litt innbu og lausøyre skulle det bli meir av etter kvart.

I tillegg har uteområdet vorte godt opprusta med ulike aktivitetsområde.

Georg Grimstad har vore arkitekten bak og det er heilt bevist at bygningar ”bryt” med kvarandre. Det er også nøye vurdert og diskutert at den utvendige fargen skulle verte slik den vart.

Enkelte økonomiske forandringar har det også vorte, men stilen er blitt bevart.

1200 kvadratmeter meir har no dei 220 elevane pluss lærarar fått og boltre seg på. Flotte lyse fine rom innvendig, teoretisk og praktisk godt tilrettelagt. Toppetasjen hadde luftige flotte rom med god utsikt, men også solrikt, slik at varmen i desse roma kunne bli vel behaglig.

Mange ulike rom for ulike brukargrupper. Sanserom i underetasjen med spektakulære fargar som skulle ha sine spesielle funksjonar.

President Johan Ole overrekte blomster som takk for informasjon og flott gjennomgang.



---

## **Måndag 25. Mai – Besøk på Hareid Sjukeheim og Bygdastova.**

Kjøkkensjefen ville denne gongen at vi skulle dele litt på arbeid og utgifter. Det vart einigheit om at klubben skulle hjelpe til med diverse, samt stille med kake. Rotaryanere som har pårørende på huset vart oppmoda til å hjelpe til med å få disse ut til samlinga.

Medlemmane møtte i matsalen til ferdig dekkta bord, der pensjonærane sat forventningsfull og venta. President Johan Ole opna besøket og i mangel på lydanlegg måtte han ta i bruk vesterisstemma si. Dei fleste fekk nok med seg budskapet om ei felles hyggestund. Dette kunne sjåast og høyrast ettersom stemninga steig og praten kom i gang. Det var mang ei god historie som var henta fram frå gløymsele denne kvelden.

Olav Egge frå Brandal som er elev ved musikkskulen spelte også flott pianomusikk til oss. Til mat fekk oss servert fyldig og god brensnut med påfølgande bløtkake og kaffi.

Ein flott kveld som eg trur dei fleste sette pris på.